

Referat frå konstituerande møte FAU 28.09.22

Møtestad: Personalkantina på Naustdal skule

Møtetid: 18.00-19.30

Møtedeltakarar:

Camilla Savland, vara (1.kl)

Ailin Flaten Shanks (2.kl)

Øyvinn Mortensbakke (3.kl)

Monica Smådal (3.kl)

Siri Iversen (4.kl)

Knut Galaasen (5.kl)

Ellen Beate Gjesdal Årdal (5.kl)

Tonje Lørdøen Hove (6.kl)

Ernst Rolf Hellevang (6.kl)

Camilla Ø. Snildal (7.kl)

Anne Sofie Berntsen (7.kl)

Norid Smådal (8.kl)

Stein Torald Vonen, vara (8.kl)

Terje Sekse Horne (9.kl)

Annlaug Birkeland (9.kl)

Gunn Marit Haugsbø, rektor

Forfall:

Veronica S. Herstad – 1.kl

Katarina S. Kleppe – 1.kl

Martine Nes – 2.kl

Trond Buanes (4A)

Eli Gro Bergby Carlsen (8.kl)

Ingrid V. Ullaland (10.kl)

Ragnhild S. Reiakvam (10.kl)



Sak 1 – velkommen, informasjon og innspel til nytt år

Rektor Gunn Marit Haugsbø og sitjande FAU-leiar Annlaug Birkeland yngste velkommen. Det vart gjennomført ein presentasjon av FAU-representantane og registrering av oppmøte. Møteinnkallinga kom seint fordi det mangla representantar frå nokre klassar.

Annlaug Birkeland gjekk gjennom årsmeldinga frå førre skuleår og nokre av sakene vart utdjupa. Viser til årsmeldinga som ligg ved og som gir ei nærare beskriving av sakene FAU har arbeidd med. FAU si rolle vart også drøfta, og i den samanheng fekk FAU-leiar ros for arbeidet og engasjementet som har vore lagt ned. Sitjande leiar, Annlaug Birkeland, vart oppmoda om å ta leiaransvaret eitt år til for å halde god kontinuitet i arbeidet. Fleire av sakene vil FAU arbeide vidare med i året som kjem. Viser til vedlegg med utdrag frå Oppl.lov der skulen sine rådsorgan er skisserte.

Rektor formidla at det har vore ein fin oppstart av skuleåret, men at det har vore krevjande på nokre trinn grunna sjukefråvær. Det har derfor vore naudsynt å flytte om på nokre tilsette for å sikre betre stabilitet. Elles er budsjettet for 2023 sendt til kommunen. Det er berekna bemanning ut frå kommunen sin ressursmodell og det er eit stramt budsjett når det gjeld driftsmidlar. Skulen sitt utviklingsfokus er retta mot inkluderande praksis og arbeid med vurdering. Dette er også fokusområde for Sunnfjord kommune. Målet er betre og djupare læring. Nytt frå hausten 2022 er at Naustdal skule er ein TL-skule, dvs at skulen har etablert trivselsleiarar som bidreg til å skape aktivitet i friminutta. Elevar frå 4.-7.trinn har søkt på TL-jobbar og vi ser at dette alt har skapt svært mykje kjekk aktivitet i friminutta. Miljøkoordinator Torbjørn Mostrøm, har ansvaret for å følgje opp trivselsleiarane. Fleire av foreldrerepresentantane gir positiv respons på dette tiltaket og fortel at eigne barn har fortalt om dette heime.

Rektor oppmodar også alle klassar om å ta ansvar for å bidra til sosiale treffpunkt på fritid. Dette er tiltak som kan støtte opp om skulemiljøet ved at elevane blir betre kjende og møter kvarandre i andre samanhengar enn skulekvardagen.

Frå dette skuleåret vert referat frå møte i rådsorgana lagde på skulen si heimeside. Rektor viste kor desse kan finnast. Det vart også vist kor ein kan finne ulike dokument FAU har utarbeidd, t.d. tips og retningslinjer. Lenke til heimesida:

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skule/skular-i-sunnfjord-kommune/naustdal-skule/medverknad-naustdal-skule/>

Sak 2 – Drøfting kring særskilt sak – uro frå foreldre

Det vert vist til informasjon frå FAU og melding sendt frå rektor og FAU-leiar som gjeld at foreldre er uroa over om elevane sin skuledag og skuleveg er trygg. Det har også vore uro for tryggleiken til borna som deltek på aktivitetar på kveldstid. Rektor informerte FAU om tiltak som er sette i verk av Sunnfjord kommune. FAU ynskjer at informasjonen skal formidlast ut til føresette gjennom Visma. Rektor vil avklare dette vidare med kommuneleiinga.

Sak 3 - Konstituering

Val av kandidatar vart gjort i fellesskap. Deretter konstituerte styret seg slik:

Leiar: Annlaug Birkeland

Nestleiar: Tonje Løvdøen Hove

Medlemmer: Monika Smådal og Ailin Shanks

Vara-medlemmer: Stein Torald Vonen og Katarina Kleppe

SU (samarbeidsutval): Annlaug Birkeland og Ailin Shanks, vara Stein Torald Vonen.

SMU (skule-miljø utval): Monika Smådal og Tonje Løvdøen Hove, vara Katarina Kleppe.

KFU (kommunalt foreldreutval): Annlaug Birkeland og Tonje Løvdøen Hove.

FAU ønskjer også dette skuleåret å ha møte med SFO leiinga, 1 møte kvart semester. Dette for å oppnå godt samarbeid og skape gode arenaer for å ta opp ulike spørsmål frå foreldre og avklare ting som kjem opp. Monika Smådal og Martine Nes vil ta kontakt med SFO leiinga og avtale dato for å møte.

Møtedatoar for FAU møte:

Vidare bestemte styret møtedatoar for skuleåret, iflg. vedtektene skal det vere 4 obligatoriske FAU-møte i løpet av eit skuleår. Dersom styret ser behov, eller FAU-medlemmer krev det, kallar styret inn til ekstraordinære FAU-møte.

Onsdag 26.10.22 kl. 18.30 - 20.00

Onsdag 07.12.22 kl. 18.30 - 20.00

Onsdag 25.01.23 kl. 18.30 - 20.00

Onsdag 29.03.23 kl. 18.30 - 20.00

Møtestad: Personalkantina på Naustdal skule.

FAU-styret ber alle representantane og rektor om å merke seg datoane. Innkalling vil bli sendt på e-post til alle foreldrekontaktene 14 dg. før møtet. Styret vil møtast kl. 18.00 før kvart møte, og elles ved behov, i tillegg dialog på Facebook.



Utsending av referat frå FAU-møte

Endringar i vedtektene i høve utsending av referat frå FAU-møte; desse vil no bli lagt på Naustdal skule si heimeside. Dette er ei ryddig ordning, og dersom de ønskjer kan referent sende ut ei melding på FAU si Facebookside og så kan kvar klassekontakt legg ut på klassane sine sider om at referat ligg klar etter møte.

Ref.

Annlaug Birkeland / Gunn Marit haugsbø

Vedlegg 1: Årsmelding frå FAU 2021/22 (sjå under)

Vedlegg 2: Skulen sine rådsorgan – Oppl.lov kap 11 (sjå under)



Vedlegg 1: Årsmelding frå FAU 2021/22

Årsmelding frå FAU ved Naustdal skule - skuleåret 2021 – 2022

Konstituering av styret i FAU den 07.09.21

Leiar: Annlaug Birkeland

Nestleiar: Merete Juel

Medlem: Ole Erik Thingnes, Elin Johnsen og Eileen Hope Aamodt.

Vara: Anne Sofie Berntsen og Monika Smådal.

SU: Annlaug Birkeland og Ole Erik Thingnes med Eileen Hope Aamodt som vara.

SMU: Merete Juel og Elin Johnsen med Eileen Hope Aamodt som vara.

FAU har gjennom skuleåret hatt 5 møter og 5 styremøter, vidare har styret hatt gode samtalar på FB.

SU har hatt 3 møter. Og det har vore 4 KFU møter gjennom skuleåret samt 1 møte på teams.

SMU har hatt 1 møte gjennom skuleåret.

Det har vore avholdt 1 møte med SFO leiinga (2 repr frå FAU).

Litt av sakene FAU har hatt på sakslista

Bursdagsfeiring og klassekonto

Etter oppmoding frå foreldre er det laga retningslinjer/tips for bursdagsfeiring og bruk av klassekonto. Desse ligg på heimesida til Naustdal skule.

Trafikalt grunnkurs

Foreldre ønsker trafikalt grunnkurs inn som valfag i skulen. Skulen har ikkje denne kompetansen på noverande tidspunkt; rektor vil følge dette opp vidare.

Trygg skuleveg

«Stopp forbundt» skilt, ei sak som FAU har jobba med i mange år, FAU ilag med skulen har jobba godt for å få til ei ordning dette skuleåret og hadde oppfatta det som alt låg til rette for at desse skilta skulle kome på plass til nytt skuleår, men vegvesenet har stoppa arbeidet, usikker korvidt saka går vidare i skrivande stund.



Å vere klassekontakt

Foreldre melder tilbake det er «trått» å få foreldre til å stille som klassekontakt, FAU har skreve eit skriv som kan vere til hjelp når val av klassekontakt er sak på foreldremøter. Skrivet ligg på heimesida til skulen.

Heim-skule samarbeid

Dette var ei sak på FAU møte som engasjerte foreldre, det er avgjerande for elevane våre at heim-skule samarbeidet er godt, difor vart det bestemt FAU laga eit skriv om samarbeidet og tips til foreldre korleis ein kan få til best muleg samarbeid, dette ligg også på heimesida til skulen.

SFO

2 foreldre frå FAU ilag med leiinga på SFO, bestemte å ha faste møte (1 kvart semester) for å oppnå best muleg samarbeid og skape gode arena for å ta opp ulike spørsmål frå foreldre, denne ordninga håpar vi vert teke med vidare.

Helseveka og felles foreldremøte

Eit av temane på SU møte var helseveka, dette er ei stor happening for alle elevane og det betyr mykje for elevane å få kome med forslag til kva ei slik veke skal innehalde. I forlengelsen av helseveka vart det bestemt ilag med skulen og holde felles foreldremøte. FAU engasjerte alle foreldra og dei sendte inn ønskjer til tema på møtet.

Møte vart holdt 21.4.22 med gode foredragshaldarar og viktige tema;

1. psykisk helse- det å vere ung i 2022 av Kari Eldal.
2. Sosial meistring av Kari Bente Ueland Tefre
3. Førebygging – rus – konsekvensar av SLT-gruppa i Sunnfjord.

FAU fekk mange gode tilbakemeldingar etter møtet.

Avslutning

Det har vore godt oppmøte på FAU møta, vi har hatt godt samarbeid med skuleleiinga og fått svar på ulike spørsmål og saker som kom opp gjennom skuleåret og som raskt vart avklart.

FAU har formidla informasjon til foreldre via Visma, e-post og FB.

For FAU

leiar Annlaug Birkeland

sept. -22

Vedlegg 2: Skulen sine rådsorgan – Oppl.love kap 11

Kapittel 11. Organ for brukarmedverknad i skolen

§ 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

§ 11-1a. Skolemiljøutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnst tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skolemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarande.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.

§ 11-2. Elevråd ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vere eit elevråd med representantar for elevane. Kommunen fastset talet på elevrepresentantar. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.

Ein medlem av undervisningspersonalet på skolen skal ha som oppgåve å hjelpe elevrådet i arbeidet. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevrådet.

Leiaren for elevrådet kan kalle inn til møte i rådet i samråd med elevrådskontakten. Rådet skal i alle høve kallast inn når ein tredel av medlemmene i rådet eller rektor krev det.

Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.

§ 11-4. Foreldreråd ved grunnskolar

På kvar grunnskole skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skolemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhold mellom heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet. Leiaren for arbeidsutvalet skal vere den eine av representantane.

Vedlegg 3: Lenke til FUG si heimeside:

https://foreldreutvalgene.no/fug/?gclid=Cj0KCQjwj7CZBhDHARIsAPPWv3cQvK9ADrD-JFIzbi8Yy9IGiMcx_ASnrkl24drmEd6-bl4lC_zVhAaAjPIEALw_wcB

Her finn de gode ressursar for arbeidet som klassekontakt.



Sunnfjord
kommune